

PROSJEKTKOKERI

Mangfald

Leiar: Tom Helge R Moen, Alta kommune
Sekretær: Nils Helge Kvamme, Voss kommune



Internasjonal kulturkraft

Tankar kring konkrete prosjekt?

Rennesøy kommune ynskjer samarbeid kring prosjekt innanfor kultur og kunst, workshop musikk, dans og drama (retta mot UKM). Gi mogelegheiter til ungdom. Få gjort ting saman.

Vinje kommune har og workshop knytt opp til UKM, Vest Telemark har samarbeid med Liverpool (fattig ungdom) for ungdomsskuleelevar. Tidlegare gjaldt dette fotball, men er no utvida med musikk og dans i tillegg. Ungdom frå Vest-Telemark har workshop på musikk, jobbar begge stader, framføring begge stader (samarbeid LIPA og Brunswick centre). Finansierte gjennom kommunar og idrettslag i dag.

Voluntørordninga er noko fleire kommunar kan tenkja seg å satsa på. Mykje av utfordringane i dag er eigenfinansiering, bustad, klare arbeidsoppgåver og språk.

Eksemplar på internasjonale erfaringar i integreringsarbeid?

Voss kommune har hatt samarbeid med Danmark, Nederland, Tyskland og Polen om vaksne si læring, språkopplæring, i samarbeid mellom bibliotek og vaksenopplæring. Ulike grunnar til dei ulike partnarane. Erfaringsutveksling mellom landa. Mest utbytte på erfaringar frå andre, i tillegg til ei styrka lokalt samarbeid.

Det vart peika på at Fargespill er ei interessant vinkling på integreringsarbeidet. Kulturrådet fortalte om eit prosjekt der ungdomar i Romania vart engasjert i 4 ulike teaterprosjekt der dei fekk fortelja si historie. Resultatet vart teaterforestilling med profesjonelle aktørar, turnerte Romania og Norge (EØS-prosjekt). Teater kan nyttast til integrering. Koplast mot teaterkompani som kanskje allereie har internasjonale nettverk.

Proscen: scenekunst i Hordaland kan vera mogeleg part, Kvam har sitt eige prosjekt; Fleire Fargar. Førde har internasjonal musikkfestival, både lokale og frå utlandet. Voggelag. Mange ressursar må til, samarbeid med mange ulike organisasjonar og institusjonar.

Korleis kan ein få integreringsarbeidet til å verta eit internasjonalt samarbeid?

Eksempelvis Voggelag-prosjekt;

EØS-midlar (i løpet av 2017): match making seminar, kan presentera idear, melder seg som interesserte til Kulturrådet, og for då mogelegheit til å møte personar frå andre land for å finna samarbeidspartar. Kan vera mange partnarar frå same land. Såkornsmidlar for å besøka kvarandre for å finna ut om dette er ein partner som kan passa. Følgja med på kulturrådet sine sider. Integrering er prioritert i alle program. Støtte til å reise og utvikla prosjekt.

Nordisk ministerråd sine program er lett tilgjengelege midlar, overkommelige søknadsprosedyrar.

Kulturrådet har ikkje avsetting til internasjonale prosjekt. For prosjekt utanfor Europa, UD har midlar. www.stikk.no. Eksempel samarbeid India og Norge innanfor biletkunst. Støtte frå DU og kulturrådet. Kulturrådet har eigen pott for barn og unge med søknadsfristar i mars (sjekk nettsider til kulturrådet).

Frivillighet:

Ei av dei store satsingane framover er å byggja opp rundt dei frivillige. Samarbeidsprosjekt med biblioteka viste at det eksempelvis i Nederland var veldig mange frivillige knytt til biblioteket. Frivillige organisasjonar vil vera naturleg å samarbeida med i internasjonale prosjekt.

Kobla frivillighet med integrering, eksempel er støtte til trafikkopplæring/førarkort.

Viktig å få flyktningar inn i frivillig arbeid.

Kunstsymposium Os; internasjonal samarbeid, utanlandske kunstnarar, næringslivet sterkt inne.

Frivillighetssentraler:

Generelt er frivillighetssentralar ofte knytt til arbeid med eldre. Viktig å tenkja på at frivillighet skal koma i tillegg til det kommunale ansvaret. Viktig med rolleavklaring.

Korleis inkludera innvandrarar i lokale lag og organisasjonar?

Ting å vurdere: Følgjeordning, andre interesser, høg terskel grunna bakgrunn,